



Sein slått.

Mange har vel merka seg at det ikkje var mogleg å parkera på enga mellom skulen og Spar under aktivitsdagen. Dumt for arrangementet, men verre for dei som ikkje får slege graset på grunn av vêret dei siste vekene.

Slik veksten har vore i vår, var graset av topp kvalitet for godt to veker sidan. Vêret har gjort det vanskeleg å gjennomføra fyrsteslått til optimal tid i år. Kvalitet og næringsverdi er best i samband med at graset skyt (set aks), men bakkane dei fleste stadene har vore for oppbløytt til at det har gått an å koma utpå med tung reiskap. Er det for blautt, øydelegg ein attervoksteren av graset der hjula har vore. Når hjula søkk for djupt nedi, vert det ujamnt, og jord kan verta med graset når ein slår neste gong. Haustar ein vått gras, vil gjæringa i silo eller "traktoregg" kunna slå feil, og fôrkvaliteten vert mykje dårlegare. Frost om vinteren vert og eit tilleggsproblem ved at ein får mykje bal med å tina vått silofôr som har frose. Det er no til dags vanleg å forturka graset ei tid før det vert lagt i silo eller pakka i "egg". Får ein ikkje gjort det, vil ein lett få avrenning av silosaft, som kan hamna i vassdrag. Det er lenge sidan nett det var noko jordbruket og omgjevnadane streid med.

Fôrverdien vert dårlegare dag for dag, og kostnadane ved haustinga vert større, av di ein som regel lyt bruka meir ensileringsmiddel for at ikkje ensileringa skal enda i feilgjæring. For å kompensera for dårleg næringsverdi, lyt ein gje meir kraftfôr. For høgtytande kyr, kan dette gje problem med mikrobe- og pH-tilhøva i vomma, fordøyingstrøbbel og laus mage. Laus mage i eit fjøs kan gå ut over mjølkehygien. Det same kan dårleg, sporehaldig silofôr gjera. Sporane finst i jord og avføring, og med legde i graset, lyt ein vera varsam med kor tett ein slår, for sporane finst i mengder i gras som meir og mindre er i kontakt med bakken. Resultatet kan dermed verta nedklassing av mjølk og dårlegare lønsemd (ille i den enden og). Pasteurisering drep ikkje sporar. At mjølka vert mindre haldbar, er ein ting, men nokre av dei sporedannande bakteriane er også sjukdomsframkallande. Prøver ein å laga ost av sporehaldig mjølk, går prosessen gale, og det er berre å kasta heile ysteomgangen.



Legde, med fare for å få med sporar når ein slår. Mykje næringsfattig strå i høve til næringsrike blad, noko som gjev dårlegare fôrverdi. Dagens bønder veit stort sett å takla problem som dette, men det gjev meir sut, meir arbeid og kan henda sovnar dei seinare enn vanleg, iallfall medan problema står på. Ei trøyst kan det vel vera at over tid jamnar ting seg ut, og til tider går det også betre enn vanleg.

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland